

DRIFTSPLAN

for

HJORT

HOVDA UTMARKSLAG SA

Org. Nr. 988 283 118

2026, 2027, 2028, 2029 og 2030

Forord

Det er no nitten år sidan Hovda Utmarkslag vart skipa, fem (treårige) og en 4 + 1 år driftsplan er tilbakelagt.

Dette er den reviderte planen som skal gjelde i fem år, **frå og med 2026 til og med 2030.**

INNHALD

1. INNLEIING

- 1.1 Planområdets avgrensing
- 1.2 Jaktfelt
- 1.3 Hovudmål
- 1.4 Delmål
- 1.5 Konkrete tiltak

2. STATUS OG VURDERINGAR

- 2.1 Utbreiing og felling
- 2.2 Vårteljing
- 2.3 Beiteskade
- 2.4 Konklusjon

3. HANDLINGSDDEL

- 3.1 Organisering av jaktfelte
- 3.2 Ettersøks avtale hund
- 3.3 Avskyting
- 3.4 Feilskotne dyr
- 3.5 Vektregistrering
- 3.6 Kontroll av felte dyr
- 3.7 Rapportering
- 3.8 Evaluering av hjortejakta
- 3.9 Felling av skadedyr
- 3.10 Fellingsavgift
- 3.11 Bonusavtale
- 3.12 Næringsutvikling


1. INNLEIING

1.1 Planområdet avgrensing

Utmarkslaget sitt geografiske område består av det vi til dagleg kallar Hovda og i tillegg Ytre Tunheim.

Landegrense mot anna vald har vi frå Eidså over eidet til Tunheimshonnet.

Våre grensefelt mot Syvde UL og Søre Vanylven UL vert då jaktfelt 13 Eidså, vidare nr.14 Fiskå / Eide og nr 15 Ytre Tunheim.



1.2 Jaktfelt

Hovda Utmarkslag / jaktvald har i dag 16 jaktfelt og ca. 105500 dekar areal.

Storleiken på jaktfelta varierer frå 2-4000 til opp mot 15000 dekar.

10 av jaktfelta er mellom 3000 og 6000 dekar.

1.3 Hovudmål

Driftsplanens sitt formål er å delta i ei kunnskapsbasert og rett forvaltning av hjortestamma.

Der målsetjinga er og kome fram til ein berekraftig, sunn og stabil bestand.

Med god alders- og kjønnsfordeling, og med ein storleik **som ikkje medfører uakseptable beiteskadar på skog- og jordbruksareal.**

Dette skal ein oppnå ved lokal kunnskapsbasert styring, god planlegging, rett avskyting og godt samarbeid mellom grunneigarar, jegerar og andre involverte partar.

1.4 Delmål

Slaktevekta på hjorten har minka dei siste 30 - 40 åra. Dette har nok fleire årsaker, stamma er mykje større i dag og det har nok betydning. Men vi trur og at avskytingsstrategi har stor betydning då det tidligare har vore vanleg å ta ut dei største dyra.

Vi oppmodar difor til å ta ut dei minste dyra i kvar alders og kjønnsgruppe for å bevare dei største.

Den sterke reduksjonen på uttak av eldre hanndyr dei siste åra har gjort at vi i dag har ein betydeleg meir kjønns- og aldersbalansert stamme enn for 10 år sidan. Eldre bukkar og koller har ein særskild viktig innverknad på brunstsyklus.

Total felling i siste driftsperiode (2021 – 2025) vart **1188** dyr som fordeler seg slik

- 38 % Kalv
- 37 % Koller
- 25 % Bukk

	2021	2022	2023	2024	2025	SUM	PROSENT
Kalv	114	84	86	78	92	454	38%
Bukk 1,5 år	22	22	18	31	32	125	10%
Kolle 1,5 år	43	36	29	18	24	150	13%
Eldre bukk	37	40	39	26	31	173	15%
Eldre kolle	69	66	56	51	44	286	24%
	285	248	228	204	223	1188	100

1.5 Konkrete tiltak

- Kolle avskyting inkludera alle koller 1 ½ år og eldre. Altså eldre koller og fjorkoller i same kategori.
- Bukk blir tildelt i to kategori (1 ½ år og eldre), vi oppfordrar samtidig til uttak av dei mindre og spinklaste dyra. Uttak av eldre bukk bør være eit minimum.
- Vi oppfordrar alle felt om å skyte ung koller og kalvelause koller framfor eldre produktive koller.
- For å på sikt auke slaktevektene ynskjer vi å oppmode felta om å felle dei minste og svakaste dyra.
- Avskytings profil vert vurdert opp i mot bestand i dei forskjellige jaktfelta, basert på erfaringar og lokal kunnskap.
- Jaktperiode blir frå og med 1 september til og med 20 desember.
- Vi oppmodar jaktfelta å ta med nye lokale jegerar på jakt for å styrke rekruttering.

2. STATUS OG VURDERINGAR

2.1 Utbreiing og felling

Samla sett har området svært gode oppvekst og beiteforhold for hjorten. Men med store variasjonar når det gjeld dyretettleik og avskyting. Hovda UL (vald) har vore delt i to med forskjellig forvaltningsnøkkel. Ytre del har vi prøvd å begrense uttak for å stabilisere bestanden. Medan indre del har målet vore å redusere bestanden kraftig pga skadebeiting og trafikkpåkøyrslar.

Då vi no ser ein forholdsvis sunn og stabil bestand på ytre del og ein viss reduksjon i bestanden i indre del, blir denne 5 års planen viktig med tanke på korrekt uttak.

Vi har og gjennom fleire år tatt ut mange små dyr og fokusert på å behalde eldre hanndyr og hodyr. Desse dyra er viktige for brunst syklus og korrekt avl for å auke slaktevekt og evna til å overleve vinteren.

Ytre Hovda (Jaktfelt 1 til og med 9)

I ytre del av Hovda er hjortebestanden forholdsvis liten og har vist seg sårbar ved for stort uttak av produktive dyr. Fleirtalet av grunneigarane i dette området ynskjer å stabilisere bestanden slik den er i dag. Det er derfor viktig med tildeling basert på erfaringar og lokal kunnskap.

I 2025 vart det felt **63** dyr på disse 9 jaktfelte som har ca. 68000 dekar som teljande areal.

Det vert ca. **1070** dekar. pr. felte dyr.

Indre Hovda (jaktfelt 10 til og med 15)

Det er i dag ein forholdsvis stor hjortebestand frå Koparneset-området og syd over til Fiskå.

Området har i mange år hatt mykje skadebeiting på innmark og skog, samt forholdsvis mange trafikkpåkøyrslar. Ei målretta tildeling over mange år syner no resultat og vi ser ein klar nedgang i bestanden i dette området.

I 2025 vart det felt **157** dyr på desse 5 jaktfelt som har ca. 37500 dekar som teljande areal.

Det vert ca. **239** dekar. pr. felte dyr

2.2 Vårteljing

Kvar vår vert det utført to teljingar i regi av utmarkslaga og kommunen. Over tid så er dette ein god indikator på hjortebestanden si utvikling. Det gir også informasjon om beitetrykket ein kan vente seg på innmarka det året.

Teljing av dyr vert gjort på dyrkamark ved hjelp av termisk kikkert eller lys.

Her er en oversikt over historiske vårteljingar (samanlagt begge teljingar):

År	Totalt	Snitt
• 2005	670 dyr	335 dyr
• 2006	616 dyr	308 dyr
• 2007	569 dyr	284 dyr
• 2008	579 dyr	290 dyr
• 2009	499 dyr	250 dyr
• 2010	695 dyr	348 dyr
• 2011	686 dyr	343 dyr

• 2012	547 dyr	274 dyr
• 2013	803 dyr	402 dyr
• 2014	393 dyr	197 dyr
• 2015	680 dyr	340 dyr
• 2016	815 dyr	407 dyr
• 2017	769 dyr	385 dyr
• 2018	881 dyr	440 dyr
• 2019	733 dyr	367 dyr
• 2020	927 dyr	463 dyr
• 2021	1262 dyr	631 dyr
• 2022	1095 dyr	548 dyr
• 2023	779 dyr	390 dyr
• 2024	685 dyr	343 dyr
• 2025	706 dyr	353 dyr

Jaktleiar for valdet (Hovda Utmarkslag) organisera teljingane.

2.3 Beiteskadar

Omfanget av skadebeiting har dei siste åra vorte redusert.

Dette på grunn av målretta og auka avskyting i pressområda samt uttak av dyr på dyrka mark.

Hjorten er kresen og føretrekkjer dei best markane, godt gjødsla kulturreng med timotei og raigras er fyrste valet, og det er her dei største skadane oppstår.

Etterkvart som det vert færre bruk i drift og dei bøndene som framleis skal leva av jorda må drive mange bruk vert belastninga på eit fåtal brukarar.

2.4 Konklusjon

Målsetjinga for valdet er:

- I Ytre Hovda vil vi stabilisere bestanden med eit fornuftig uttak basert på erfaring og lokal kunnskap.
- I Indre Hovda vil vi framleis redusere bestand men vil redusere tildeling for å unngå å hauste bestanden for hardt.
- Forvalte fram ein sunn og frisk hjortestamme som ikkje påfører grunneigarar for store beiteskadar.
- å ha ein sunn og frisk hjortebestand som gir oss mykje godt kjøtt, spennande jaktopplevingar, fine naturopplevingar og kroner i kassa for dei som omset det i pengar.

Grunneigarar med utålelege beiteskadar skal lyttast til, og har ein stader med mykje påkøyrslar må ein gjere tiltak.

3. HANDLINGSDEL

3.1 Organisering av jaktfelta

Vi vil behalde jaktfelta i si noverande form, men det vil vere positivt med samanslåingar.

Ein oppfordrar til at det vert etablert samarbeid mellom jaktfelta der dette er naturleg, slik at fellesjakt i delar av jakttida og jakt på andre sitt jaktfelt kan etablerast. Dette aukar utnyttinga av moglegheitene som bestandsplanen gir og vil føre til høgare fellingsprosent. Slike avtalar kan inngåast når som helst mellom dei forskjellige jaktfeltleiarane.

3.2 Ettersøks avtale hund

Utmarkslaget inngår avtale på Ettersøks ekvipasje for alle jaktfelta som ynskjer å være med på ein felles avtale.

Jaktfelt som ynskjer å ha eigen avtale, må informere Jaktleiar HUL om dette før **1. juli kvart år**.

Husk at gyldig signert avtale skal foreligge før jaktstart.

Kopi av avtale sendast Jaktleiar HUL

3.3 Avskyting

Felling i Hovda sidan oppstart 2006.

• 2006:	153 dyr	}	<u>Driftsplan 1</u> (512 dyr felt)
• 2007:	172 dyr		
• 2008:	187 dyr		
• 2009:	189 dyr	}	<u>Driftsplan 2</u> (624 dyr felt)
• 2010:	206 dyr		
• 2011:	229 dyr		
• 2012:	160 dyr	}	<u>Driftsplan 3</u> (469 dyr felt)
• 2013:	174 dyr		
• 2014:	135 dyr		
• 2015:	127 dyr	}	<u>Driftsplan 4</u> (435 dyr felt)
• 2016:	127 dyr		
• 2017:	181 dyr		
• 2018:	182 dyr	}	<u>Driftsplan 5</u> (592 dyr felt)
• 2019:	203 dyr		
• 2020:	207 dyr		
• 2021:	285 dyr	}	<u>Driftsplan 6</u> (1188 dyr felt)
• 2022:	248 dyr		
• 2023:	228 dyr		
• 2024:	204 dyr		
• 2025:	223 dyr		

På grunnlag av dei måla som er sett for kjønns- og alderssamansetjing ut frå lokal kunnskap om hjortestamma i planområdet, legg vi opp til fylgjande avskytings profil for denne driftsplan perioda:

- Hanndyr 1 ½ år og eldre: ca. 30 %
- Hodyr 1 ½ år og eldre: ca. 30 %
- Kalv: ca. 40 %

Feller ein kolle som har kalv, skal kalven også fellast sjølv om den går av kvoten for vaksne dyr

Utmarkslaget vil i denne femårige driftsplanperioden søke om en fellingskvote på **1100 frie dyr**. Med bakgrunn i dette vil utmarkslaget kunne ta dyr som ikkje er felte det eine året med seg over til neste år og fordele dei på nytt.

Dyra kan fordelast tilbake til det jaktfeltet som mangla dyra siste år, eller dei kan fordelast til jaktfelt som har særskild stor tettleik av dyr og tilnærma 100 % kvotefylling.

Utmarkslaget har ansvaret for denne fordelinga.

Driftsplanen føreset at uttaket vert tilnærma likt kvart år i perioda.

3.4 Feilskotne dyr

Dyr som er skotne utover tildelt kvote på det enkelte jaktfelt, må rapporterast inn til jaktleiar (Hovda UL) snarast. Dette for at jaktleiar skal kunne ta stilling til kva som skal gjerast med dyret. Feilskotne dyr kan eventuelt trekkjast ifrå på neste års kvote.

Ved grov feilskyting kan dyret inndragast til fordel for lags-kassa.

3.5 Vektregistrering:

Alle dyr skal vegast, fellingsrapporten skal førast etter kvart og vere tilgjengeleg for kontroll.

3.6 Kontroll av felte dyr

Jaktfeltleiar skal føre eigen fellingsrapport som skal kunne leggjast fram ved kontroll.

Det skal takast vare på høgre underkjeve frå kvart dyr. Kvar kjeve skal ha eit id nummer som er identisk med dette dyret i fellingsrapporten.

Etter jakta vert det føreteke kontroll av kjevar og fellingsrapport, det kan og verte utført stikkkontroll under jakta.

3.7. Rapportering

Felling skal rapporterast til jaktleiar (Hovda UL) same dag.

Innrapportering av alle felte dyr samt "sett hjort" skal skje via "Sett og Skutt" webportal,

Jaktfeltleiarar er ansvarleg for at dette blir gjort.

Fellingsrapport frå jaktfelte skal vere jaktleiaren i hende ved jakt slutt.

Jaktleiar for valdet (Hovda) har ansvaret for rapporten som kommune skal ha.

3.8. Evaluering av hjortejakta

Etter jakta skal storvilt utvalet invitere jaktleiarar, grunneigarar og jegerar til eit evalueringsmøte (Etter jakta møte) etter årets jakt.

Her vil dei frammøtte få kome med synspunkt om bestand, avskyting mm, og styret/ storvilt utvalet får viktig informasjon for vidare planlegging.

Styret kan kalle inn til møte før jakta dersom dei finn det tenleg. "Før jakta møte" har vore halde kvart år.

3.9. Felling av skadedyr (Hjort)

Ved søknad om felling av skadedyr, utanom ordinær jakttid, skal dette handsamast av viltansvarleg i Vanylven kommune.

Søknad om felling av skadedyr i ordinær jakttid handterast av storvilt utvalet i utmarkslaget.

Som utgangspunkt må ein ha som mål at skadedyrfelling ikkje skal vere naudsynt.

Eventuell "overproduksjon" skal haldast i sjakk gjennom driftsplanen.

3.10. Fellingsavgift

Fellingsavgift for jaktfelte vert i 2026: kr 450,- for vaksne dyr og kr 200,- for kalv

Avgifta skal betalast på etterskot i forhold til felte dyr.

I tillegg kjem avtale om ettersøks hund.

3.11 Bonusavtale

Jaktfelt som feller ordinær kvote på Indre Hovda, kan søkje om ekstratildeling, på inntil 25% av ordinær tildeling.

Jaktleiar (Hovda UL) administrera ekstratildelingar.

Jaktfelt som har store beiteskadar kan og søkje om ekstra dyr, dette gjeld alle Jaktfelt.

Jaktfelt leiar skal være ansvarleg for slike søknader om bonusdyr for sitt jaktfelt.

3.12 Næringsutvikling

Utmarkslaget ser positivt på at enkelte jaktfelt utnyttar høvet som jakta gir til å skaffe seg ekstra inntekt i form av utleige av jakta.

Det bør likevel gjerast på ein slik måte at dei behov som grunneigarane har for eiga jakt, vert oppfylt.

Det er viktig at **utleigarane** sjølve opplyser leigejegerar om grensene for utleigeområdet samt alle krav ihht til driftsplan samt ettersøk avtale.

Styret er behjelpelig med standaravtale for utleigejakt.

Kjøtdeling og næringsutvikling vert avtalt innan kvart enkelt jaktfelt, Driftsplanen legg ingen føringar for dette.

AVSKYTINGSAVTALE

Hovda Utmarkslag SA søker med dette om godkjenning av “avskytings avtale” for åra **2026, 2027, 2028, 2029 og 2030.**

Med bakgrunn i driftsplanen vil vi søkje om tildeling av **1100 frie** dyr som skal takast ut etter avskytings profil i planen.

Vi ynskjer difor og setje opp ei slik avskytings avtale med Vanylven kommune.

Hovda Utmarkslag SA i Vanylven kommune har i vedtak av **Vanylven kommune** fått godkjent Driftsplanen for åra **2026, 2027, 2028, 2029 og 2030**

I samsvar med avskytings profil i planen er det inngått fylgjande avskytings avtale mellom Hovda utmarkslag og kommunen for åra **2026, 2027, 2028, 2029 og 2030**

1. Fellingskvoten for **planperioden vert på 1100 frie dyr.**
2. Vanylven kommune godtek at Hovda Utmarkslag fordelar kvoten etter avskytings profil i bestandsplanen:

- | | |
|----------------------------|----------|
| • Hanndyr 1 ½ år og eldre: | ca. 30 % |
| • Hodyr 1 ½ år og eldre: | ca. 30 % |
| • Kalv: | ca. 40 % |

Hovda Utmarkslag er forplikta til å prøve å oppnå ei tilsvarande prosentvis fordeling i avskytings resultatet!

Det vert kontroll av felte dyr etter den ordninga som Hovda Utmarkslag bestemmer. Vanylven kommune kan foreta tilfeldig kontroll.

Stad og dato:

Stad og dato:

for Hovda Utmarkslag SA

for Vanylven kommune